



Jula 2003

*Julehelsingar frå Biskopen,
og frå våre misjonærar i Nepal*

*Bilete frå lysmesser, konsertar
og konfirmantfester*

*Gudstenester
og konsertar i jula*

Julekryssord!



*Me ynskjer alle ei god jul,
og eit godt nytt år!*



VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrjkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,
onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,
Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
e-post: kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,
e-post: soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no
Tlf. privat 56 59 73 15
Mobiltlf 90 19 65 14
e-post: frode.kvamsøe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Postboks 23, 5725 Vaksdal
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
Fax 85 02 45 70
e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese
Tlf. privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 1.mars

Neste nummer kjem ut i mars



Minnegudsteneste på nyårsaftan

På nyårsaftan kl.16:00 vert det ei minnegudsteneste i Stamnes kyrkje. Det vil vere ei fellesgudsteneste der vi inviterer pårørande spesielt til alle som har mista nokon av sin kjære det siste året. Det gjeld altså ikkje berre for dei som kjem frå Stamnes, men frå heile kommunen. Gudstenesta er open for alle. Her kan ein finne ei stille stund på siste dag i året og samla tankane.

Nokon har kanskje fleire dei syrgjer over, og nokon har sorga knytt til ei grav ein anan stad.

Også dei vert inkluderte.



KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

TA EI ROSE MED TIL KYRKJA

Kjære alle born i Bjørgvin!


I år treng eg nokon som vil hjelpe meg! Det er barneår i kyrkjelydane våre, og difor skriv eg julehelsing til dykk som er born. Kven som helst elles kan jo få lese dette brevet. Men det er til dykk eg skriv.

I Danmark var det for lenge sidan ein mann som heitte H. C. Andersen. Han skrev så utruleg vakre forteljingar og eventyr. Ein gong skrev han om den vakraste rosa i verda. Det er ei lang forteljing. Kan hende nokon heime hos deg kan finne den forteljinga og lese den for deg. Den handlar om ei dronning som var så sjuk. Ho kunne berre verte frisk dersom ho fekk sjå den vakraste rosa i verda.

Ho fekk sjå rosa. Det var eit barn som kom med den til henne. Eigentleg var det ikkje ei rose, men forteljinga om Gud som er så glad i oss at han sende Jesusbarnet til verda for å frelse oss.

Rosa er eit teikn på takksemrd. Når vi gjev ei rose til nokon, då seier vi at vi er glade og takksame.

No skal de høyre: Eg ynskjer meg hjelp frå dykk borna denne julekvelden. Dette året er eg borna sin biskop, og då må de vere biskopen sine hjelparar.



Eg ynskjer at ein eller to eller mange av dykk skal ta med ei rose til kyrkja på julekvelden. Dersom det er ei julekrybbe i kyrkja, eller eit bilet av Jesusbarnet, då skal de leggje rosa der. Den skal vere ei takkegåve til Jesusbarnet.

Kan hende kan de leggje rosa på prekestolen. Presten vert nok veldig glad når han eller ho får sjå ei rose som ligg på kanten av prekestolen. Det skal vere ei takk for at vi får høyre juleforteljinga kvart einaste år.

Har du fleire roser, kan du la ei stå att i eit glas på rommet ditt. Når det vert seint på kveld, kan du leggje rosa på puta til mor eller far, og så skriv du eit kort der det står: "Tusen takk for at de fortalte meg om Jesus!" Det kjem dei vaksne aldri til å gløyme!

Det var det eg ville be dykk om. *Eg er så glad kvar jolekveld, for då vart Jesus fødd.* Saman vil vi takke for at Jesus vil vere vår Frelsar og ven.

Ha ei fin jul!

Vennleg helsing
Ole D. Hagesæther, biskop

HEIDER TIL EIRIK SMÅBREKKE



Ordførar Øivind Olsnes, Eirik Småbrekke
Foto: Vaksdalposten

Eirik Småbrekke fekk tildelt Kongens Fortenestemedalje i sylv under ei festsamkomme i Bergsdalen kyrkje 16. november. Det var ordførar Øivind Olsnes som sto for overrekkinga, og kyrkjesalen var full av unge og gamle, bergsdølingar og tilreisande. Det var Bergsdalen sokneråd som hadde søkt om medaljen, etter ein ide frå Kari Berge.

"EIDSVÅG" I DALE KYRKJE

I oktober kom nærmare 200 menneske til Dale kyrkje for å få med seg ein Bjørn Eidsvåg-konsert utan Bjørn Eidsvåg sjølv. Den gode erfaringa etter vinterens musikal med songar av same mannen, gjorde at fleire av musikarane og songarane ville freiste noko slikt ein gong til. Arne Johnsen hyrte musikarar, slik at bandet var ei blanding av Remember og Twang Gang. Solistar var Anne Lise Hesjedal saman med Arne Johnsen. Med seg hadde dei ei gruppe blåsarar frå Dale Musikkforeining, og songarar frå "Kilden". Frå Bjørn Eidsvåg sitt rikhaldige repetoar var det plukka ut 16 songar, vel kjende for dei fleste.

Eirik Småbrekke sin innsats for sundagsskulen sto sentralt under festsamveret. Men grunngjeving for både søknad og tildeling var Småbrekke sitt store og lange engasjement både i ulikt forenings- og lagsarbeid i Bergsdalen, og i ulike kommunale verv. I tillegg til ordføraren sin tale, kom det helsingar frå sundagsskulane i Vaksdal og frå sundagsskulekrinsen. Bergsdølingane Johannes Berge og Per Småbrekke helsa og, sistnemnde er sonen til Eirik. Og heile salen humra og lo då han fortalte om faren sin tur til sundagsskulen med lånt moped. Det var før mopedførarbeivet var oppfunnen, fekk vi vete.

Festdagen var innleia med ei familiegudsteneste i kyrkja, der mellom anna dalen sine musikantar i Dale/Stanghelle/Bergsdalen skulemusikkorps tok del. I kyrkjesalen var det Ragnar Takvam på fiolin og Tone Synnøve Ø. Steinkopf på piano som innleia, mens "Kilden" song mot slutten av samveret.



FOLKEMUSIKK I EKSINGEDELEN KYRKJE

16. november vitja Reidun Horvei og Sigbjørn Apeland Eksingedalen kyrkje. Det var folkemusikk som sto på programmet, og til songen vart det spela både på kyrkjeorgelet og kyrkja sitt gamle Harmonium. Mykje av det som var framført var nytt for mange, og dei melodiane som hadde røter i Eksingedalen. Trass i at konserten hamna midt oppi ein "epidemi" med influensa, var han godt besøkt. Sjølv ikkje dei få skuleborna som var oppegåande, let seg stogga, og framførte likevel sitt bidrag slik som planlagt. Sokneråda inviterte til "kyrkjekaffi" etter konserten.



KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 1953



Biletet er utlånt frå Anne Marie Hårvik Stamnesfet

Foran, sitjande frå venstre: Astrid Langeland (Tokle), Gerd Hesjedal (Skjerveggen), pastor Nikolai Lien, Solveig Ekanger (Breistein), Anne Marie Hårvik (Stamnesfet).

2.rekke, jenter: Dagrun Andberg, Grete Skreien (Thaule), Sylvi Langhelle (Dyvik), Else Karin Lid (Slåtten), Kari Olsvoll, Solveig Tysse (Risnes), Hild Mary Sæterdal (Berge)

3.rekke, gutter frå v.: Reidar Verpelstad, Sigmund Rolland, Sigmund Lid, Sølfest Hop, Kristoffer Aasland, Sigmund Visnes, Johan Sandvik, Georg Vik, Inge Dale, Leif Verpelstad.

Bakerst frå v. : John Helle, Bjørn Larsen, Lars Seim, Svein Stokke, Samson Thaule, Arvid Sæterdal, Jan Hårvik, Terje Johnsen, Kjell Grenasberg, Jan Fornes.

50-ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 5.OKT.2003

50 år etter var nokre av dei same konfirmantane samla i kyrkja att.

Foran frå v.: Gerd Hesjedal Skjerveggen, Solveig Ekanger Breistein, Hild Sæterdal Berge, Else Karin Lid Slåtten, Anne Marie Hårvik Stamnesfet., Grete Skreien Thaule, Bak frå v.: Georg Vik, Leif Kåre Verpelstad, Samson Thaule, Jan Hårvik, Sigmund Visnes, Sigmund Rolland, Sigmund Lid, Bjørn Larsen, Inge Dahle, sokneprest Frode Kvamsøe.



60 ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 5.OKT.2003



Framme frå v. Anna Eliassen Jakobsen, Martha Pettersen Hirth, Kari Stokke Heggernes, Magda Rasmussen Vaksdal, Olaug Breistein Garberg.

2.rekke frå v. Else Faugstad Rørvik, Ingeborg Fossmark Norheim, Annlaug Helle Solberg, Borghild Øvsttun Rasdal, Guri Lid Eriksen.

Bak frå v.: Reidar Vatle, Alf Fjellanger, John Tolefsen, Edgar Søvik og sokneprest Frode Kvamsøe.

NY GRAVFERDSORDNING ETTER NYTTÅR

Frå nyttår av vert den nye gravferdsordninga gjort gjeldande i Vaksdal prestegjeld, etter ein runde med godkjenning i sokneråda og soknemøta i haust. Endringane er ikkje store, og mange vil kan hende ikkje leggje merke til dei i det heile. Rekkefylgia på det som skjer i kyrkja er endra noko på, og ved grava er det lagt til ei Skriftlesing og ei bøn. Nokon spør seg om ein då vil stå lenger ved grava, noko som kan opplevast slitsomt til dømes på ein uversdag. Kan hende vert vi ståande eitt minutt lenger enn no, så truleg vil ein heller ikkje her merke endringane.

Ein kan undre seg: Kvifor gjere endringar når ein ikkje legg merke til dei? Den nye gravferdsordninga er laga for å koma i møte ynskje om revisjon frå mange hald dei siste åra. Eit viktig element i ordninga er at ho tydelegare skal setje den

avdøde i fokus. Samstundes ynskjer ein å hjelpe dei pårørande og syrgjande til så og seja å gje ifrå seg den døde. Det har og vore eit ynskje med den nye ordninga at gravferden som gudstenesteleg handling er styrkt, mellom anna er det fleire bøner og bibeltekstar å velje mellom for presten. Ordninga vil og opna opp for større grad av deltaking frå dei pårørande når det gjeld å uttrykke til dømes takksemrd. Då dette er noko vi allereie har praktisert i lang tid her hjå oss, vil ein truleg ikkje merke nokon endring på dette punktet. Den nye ordninga vil ikkje kreve meir av dei pårørande før og under gravferda, heller ikkje av dei som kjem til kyrkja. Dei som ynskjer informasjon om den nye gravferdsordninga, kan lese på Den norske kyrkja si heimeside på internett (www.kirken.no) eller ta kontakt med prestane.

Andaktstelefonen i Kristiansand 30 år.



De lover deg ikke akkurat direkte kontakt med Jesus, de 14 menighetene og organisasjonene som driver Andaktstelefonen i Kristiansand og Vennesla, men gir deg muligheten til en tre minutters andakt via telefonrøret. Hvert minutt i døgnet, hele året gjennom.

Til Andaktstelefonen kan det ringes fra hele landet og det koster ikke mer enn tellerskrittene. Fra vår side er tjenesten gratis.

Årlig kommer 104 forkynnere

innom vårt studio og leser inn andakter, alt fra biskop til menigmenn. Hver tirsdag og fredag blir ny andakt satt inn.

I fjor registrerte vi over 30 000 oppringninger til telefonen, et gjennomsnitt på 296 telefoner til hver andakt. Vi disponerer tre telefonlinjer så færrest mulig får opptatt.

Andaktstelefonen ble startet for 30 år siden, den 17. desember 1973. Ideen ble eksportert fra Halden, men i dag er telefonen i Kristiansand den største i landet og den eneste som etter nesten hver andakt gir innringeren anledning til å ta direkte kontakt med taleren.

Vi vet ikke hvem som ringer, men vi vet det er mennesker som ønsker en hilsen fra Jesus og høre rosten av et medmenneske som ber for deg og ønsker deg Guds velsignelse.

**Håper at du som ringer 380 91 700 får en god
andaktsopplevelse!**

Andaktstelefonen drives av:

Baptistkirken – Den Frie Evangeliske Forsamling – Den norske kirke: Domkirken og Oddernes kirke – Foursquare – Frelsesarmeens Pinsemenigheten i Kristiansand og Vennesla – Den Evangelisk Lutherske Frikirke i Kristiansand og Vennesla – Det Norske Misjonsforbund – Metodistkirken – Normisjon – Norsk Luthersk Misjonssamband.



*Vi vil med dette takka Vaksdal
sokneråd for at dei laga ein slik
triveleg jubileumsfest for oss
sundag 12. oktober!*

Helsing

50års konfirmantane 2003



JULEHELSING FRÅ NEPAL



Ole-Johan, Kjartan, Ingrid Marie og Elisabeth

Det var nesten som om me måtte klypa oss i armen då flyet frå Noreg tok bakken på Kathmandu International Airport. Endeleg var me her, etter å ha venta så lenge! Det vart sjølvsagt svært hektisk dei siste vekene før me reiste, og me følte ikkje me fekk sagt så ordentleg farvel til alle som me ønskte. Likevel tusen takk til alle som på ulikt vis viste at de tenkjer på oss og står bak oss.

Me føler allereie at me er godt etablerte her i Kathmandu. Våre gode naboar (frå Alta!) og andre har vore utruleg hjelpsame, og har gjort sitt til me har fått ein god start. Det er og mykje nytt å setje seg inn i for ein familie når ein flyttar til eit nytt land. Berre det å skulle kjøpe ting krev mykje energi. Kva heiter det me vil ha? Får me tak i det, i så fall kvar? Kva er rett pris? Korleis skal me få det med oss heim? Alt dette er plutseleg ikkje sjølvsagt i eit samfunn som er annleis enn det me kjenner. Som de skjørnar har livet her til no stort sett handla om å komme på plass i husværet vårt. I tillegg er me vaksne begynt på språkstudiane. Me har no lært

oss alfabetet og er så smått begynt å kunne snakke nokre setningar. Det kjennest som å byrja i første klasse att. Ingrid Marie og Ole-Johan ser begge ut til å trivast godt i sitt nye heimland. Ole-Johan er byrja i ein internasjonal barnehage. Der trivest han, sjølv om det var litt vanskeleg i starten når ingen snakka slik som han. Han har elles m.a. spelt litt løkkekfotball med gutane i gata utanfor, og han er veldig interessert i tigeren og elefanten i dyrehagen like ved oss.

Midt opp i kulturstress og etablering av ny heim er det godt å vite at jula, med alt det kjente og kjære kjem snart. Store og små ser fram til å feire jul med noko medbrakt julepynt og julemat frå Noreg, sjølv om julefeiringa nok vert litt annleis enn me er vane med. Det er vel ein viss fare for at det er mange tankar som går heimover i jula. På julaftan skal me etter planen vere med på julemiddag på den norske skulen, og då kjem nok julestemninga sigande. Den kalde vinternatta i Kathmandu gjer nok òg sitt til det.

Det er elles litt spesielt å skulle feire jul med fred og glede i eit land med så mykje ufred og liding som det er i Nepal no. Vi har heldigvis enno ikkje merka borgarkrigen direkte på kroppen, men me kan ikkje vere uberørt av at det dagleg blir drepe og såra mange menneske i ein konflikt som er den mest alvorlege dette landet nokon gong har opplevd. La oss alle be for Nepal at det blir fred her, og at enno fleire blir kjent med Han som kan gje alle verkeleg fred.

*Mi hjartedør eg opnar deg!
Å Jesus, stig du inn til meg!
Og lat meg her den nåde få
at eg din milde hug kan sjå.*

Det er vår bøn for oss og for dykk alle for denne jula: At hovudpersonen, Jesus får stiga inn hjå oss og få plass i liva våre. Først då kan me kjenne ekte juleglede og ekte fred.

Me ønskjer dykk alle ei VELSIGNA JUL OG EIT GODT NYTT ÅR!!

Beste helsing
Elisabeth, Kjartan, Ole-Johan og Ingrid Marie
Adresse: fam. Gullbrå, United Mission to Nepal, Box 126, Kathmandu, Nepal
e-post: kjagull@wlink.com.np
web-side: home.no.net/kjagull



50-ÅRS KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 12.10.03



Foran frå v.: Dagrun Larsen Eide, Solfrid Nyheim Hansen, Astrid Bruvik, Oddvar Fossdal, Sjur Thomassen, kapellan Edvard Bø.
Bak frå v.: Olav Jakobsen, Anders Vaksdal, Frank Krogsrud, Åsmund Boge, Dagfinn Ulevik.

"GLORIA" AV VIVALDI I VAKSDAL KYRKJE



Foto: Vaksdalposten

Eit fellesprosjekt mellom Vaksdal og Samnanger resulterte i ein flott konsert i Vaksdal kyrkje 8. november. Kantorane våre samarbeidde med kantorane Anne Lise og Eilert Tøsse frå Samnanger, konserten vart og framført i Ådland kyrkje dagen før. Eit prosjektkor med songarar frå begge prestegjelda var sett saman, og i tillegg var det engasjerte musikarar og songarar frå Grieg-akademiet i Bergen.

"MESSIAS" AV HÄNDDEL I DALE KYRKJE



Foto: Vaksdalposten

Fyrste laurdagen i desember var orkesteret Fossegrimen attende i Dale kyrkje, og det var fem år sidan dei var her sist. Med seg hadde dei Voss og Omland Kantori, eit prosjektkor med utgangspunkt i Voss kyrkje, og 4 solistar frå Grieg-akademiet. Vår eigen Lars Ragnvaldsen, kantor på Voss, har øvd med koret, som og talde fleire songarar frå Dale Mannskor.

Händels "Messias" vart framført av over hundre musikarar og songarar, og dei som var til stades, fekk med seg nok eit døme på at Dale kyrkje er eit framifrå konsertlokale.

LJOSMESSE I NESHEIM KYRKJE

Søndag 7. desember var det ljosmesse i Nesheim kyrkje. Born frå søndagsskulen i Eksingedalen gjekk inn i kyrkja i prosesjon med lys. Dei song både åleine og saman med kyrkjelyden.

4-åringane fekk utdelt "Barnas Kyrkjebok", og 6-åringane fekk "Tre i eit tre", ei bok som er laga særleg med tanke på 6-åringane.



Foto: Liv Anne Bergo




Foto: Liv Anne Bergo

Frå venstre: Sverre Finne 6 år, Gunvor Finne 4 år, saman med pappa Bjørn, Oliver Bindingsbø 5 år (fekk ikkje bok) Magnus Trefall 6 år, Håvard Bergo 6 år og Frode Kvamsøe.

4-ÅRINGAR FÅR BARNAS KYRKJEBOK I DALE KYRKJE




Foto: Ann Marit Mehus Lie



Julekryss

Vannrett:

1. Kulturskatt
9. Mor til alle
10. Skal vi ikkje gjere
11. Talord
12. Bror av Jafet
14. Oldtidsby
15. På Julebordet
17. Parti
18. Dyr
19. Målet for vandringa
23. Folkeslag
24. Rotfrukt
26. Andre halvdel av DnB
27. By hjå Middelhavet
32. Vulkan
34. Bibelsk kvinne
35. Draum åt Tippoldeforeldra



Kryssordet er laga av kapellan Edvard Bø.



Loddrett:

1. Ein son er oss gjeven
2. Når regnet piskar
3. Jesus var både gjetar og
4. Fjell i bibelen
5. I Chamonix
6. Bibeldel
7. Asbjørn Nese
8. Julemat
13. Fylle
15. På badet (bokmål)
16. Må bonden gjere
17. Leia konger
20. Ein vakker stad
21. Eige
22. Eidrun Normann
24. Garn
25. Gjer varme
28. På blomst
29. Bakverk til middag eller dessert
30. Bibelsk hustru
31. Skynd deg
33. Pontiac trans

ELSK DEG SJØLV

Du skal elskha nesten din som deg sjølv,
heiter det i Bibelen ein stad.
Eg les det om att og om att og
med eit ser eg kva som står.

Eg vert pålagd å elskha meg sjølv.
Eg skal vere mot meg sjølv
slik eg handsamar andre.
Eg har lov å vere glad i meg sjølv

For når eg er glad i meg sjølv
kan eg gje andre av eit heilt hjarta.
Såleis vert alle nøgde og
saman kan me ta fatt på livet

Inn i meg strøymer ei gleda.
Eg er fri!

Ragnhild N. Hesjedal

Ta pause i julestri – nyt god, stemningsfull julemusikk

Dale kyrkje 21.des. kl.20.00

Hordaland kammerkor har i haust fått ny dirigent, og koret førebur no den første konserten med dirigenten Elizabeth Oltedal. Dette er samstundes koret sin første julekonsert.

Koret har eksistert sidan 1995, men har ikkje tidlegare hatt julerepertoar på programmet.

Hordaland Kammerkor er samansett av songarar frå store deler av fylket vårt, og har som mål å vera eit kor for dei som ynskjer litt større utfordringar enn det dei fleste kor i bygdene våre kan tilby, og som ynskjer å syngja repertoar som ligg litt utanfor allfarveg.

Ein del av medlemene dirigerer kor sjølv, nokre har studert musikk og andre ynskjer berre eit tilbod i tillegg til det koret dei elles er medlem i.

Elizabeth Oltedal er Hordaland kammerkor sin dirigent frå hausten 2003. Ho er utdanna i musikk og musikkpedagogikk frå Durham og London Universities. Ho har budd i Noreg frå 1984, og har sidan 1991 mellom anna vore dirigent for Førde kammerkor.

I 1998 tok ho hovudfagseksamen i korleiing ved Norges Musikhøgskole.

No underviser ho i musikk ved lærarutdanninga på Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Elizabeth Oltedal har etter kvart opparbeidd seg ry som ein svært dyktig og inspirerande dirigent.

Den nye dirigenten kjem opprinnleig frå England. Ho har sett sitt preg på utvalet av stoff til denne konserten ved at ho har

plukka frå det rikhaldige engelske julerepertoaret.

Ein del av konserten vil difor innehalda songar frå den engelske christmas carols-tradisjonen, melodiar som kan vera ukjente for norsk publikum, men som har vakre melodiar og lett fell i øyra på oss.



Thorbjørn Gulbrandsøy

Koret har denne gongen med seg den unge songaren **Thorbjørn Gulbrandsøy** som solist. Han er nyleg uteksaminert frå Griegakademiet med høgast oppnåelege karakter, og arbeider no som freelance songar. Han og pianisten Lina F. Braaten vann i mars fyrste pris i ein nordisk liedkonkurranse i Finland, og har hatt fleire konsertar der i haust. I tillegg er han mykje nytta som solist i kyrkjemusikalsk samanheng, og har hatt roller i operaoppsetningar fleire stader i landet.

Thorbjørn Gulbrandsøy vil ved dette høvet presentera kjende juletonar som "O helga natt" og Schuberts "Ave Maria" i tillegg til stoff frå Juleoratoriet av Bach.

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

19.10 Hanna Faugstad
 19.10 Sander André Tysnes Danielsen
 19.10 Benjamin Johnsen Fenne
 07.12 Emma Gjermo Jakobsen

VAKSDAL

12.10 Sivert Ekse
 12.10 Veronica Ekse
 09.11 Natalie Bruvik

STAMNES

19.10 Emil Stamnes Vik

NESHEIM

31.08 Helene Gullbrå Eriksen
 19.10 Andreas Bergo
 19.10 Vegard Gullbrå Tollefsen
 19.10 Ingfrid Gullbrå

AVLIDNE

DALE

19.09 Anna Lilleskare, f. 1911
 22.11 Toralv Øvsttun, f. 1917
 28.11 Jacob A. Stanghelle, f. 1927

VAKSDAL

04.10 Alma Thunes, f. 1907
 21.10 Else Minnie Hansen, f. 1921
 28.10 Olina Ulevik, f. 1907
 29.10 Margit Olsen, f. 1909
 31.10 Maria Henriette Sæterdal, f. 1910
 16.11 Magnhild Teigland, f. 1917

EIDSLAND

26.11 Askjell Myster, f. 1921

BERGSDALEN

09.12 Alfild Berge, f. 1910

JULEFESTAR

Vaksdal bedehus
 laurdag 3.jan.kl.17.00
 Stanghelle bedehus
 søndag 4.jan.kl.16.00

JULEHELSING TIL ELDRE FRÅ KONFIRMANTANE

Konfirmantane i Stamnes og Vaksdal sokn har laga julekort og sendt til dei eldre over 80 år i Stamnes og Vaksdal sokn. Dette er ein del av konfirmantopplegget deira, fortel kapellan Edvard Bø.



Julekonsert

Søndag 21. desember
Dale kyrkje kl. 20.00

HORDALAND KAMMERKOR

*Thorbjørn Gulbrandsøy
 Dirigent: Elizabeth Oltedal*

Inngangspengar kr 100,-



**Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam**

VELKOMMEN TIL KYRKJE !

VAKSDAL KYRKJE

24.des.kl.16.00 Julegudsteneste. Kvamsøe.
Offer til Kirkens Nødhjelp.
25.des.kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Bø.
Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
31.des. kl.23.15 Midnattsmesse. Bø.
4.jan. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
18.jan. kl.18.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.
1.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.
15.febr. kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
Oskeonsdag 25.febr. kl.19.00
Skriftemålgudsteneste. Bø. Nattverd.
29.febr. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
14.mars kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Årsmøte.
28.mars kl.18.00 Familiegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE

24.des.kl.15.00 Julegudsteneste. Bø.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.
24.des.kl.16.00 Julegudsteneste. Bø.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Dale Musikkforening.
25.des.kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Menighets-fakultetet.
11.jan. kl.16.00 Sjå Stanghelle bedehus.
25.jan. kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.
8.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.
22.febr. kl.16.00 Sjå Stanghelle bedehus.
7.mars kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
21.mars kl.18.00 Tomasmesse. Bø og Kvamsøe.
Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE

21.des. kl.15.30 Konsert med Dale Mannskor.
26.des. kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.
Offer til Evangeliesenteret.
18.jan.kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd.
22.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl. Årsmøte.
21.mars kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Skidag.

STAMNES KYRKJE

24.des.kl.13.30 Julegudsteneste. Bø.
Offer til Kirkens Nødhjelp.
26.des.kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Bø.
Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon.
31.des.kl.16.00 Minnegudsteneste. Kvamsøe.
25.jan. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
15.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Utdeling av "Godt Nytt" til 5.kl.
Årsmøte.
7.mars kl.18.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.
28.mars kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.

EIDSLAND KAPELL

24.des. kl.14.00 Vi syng julalåt inn.
11.jan. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd.
22.febr.kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Utdeling av "Godt Nytt".

EKSINGEDELEN KYRKJE

24.des.kl.12.00 Julegudsteneste. Kvamsøe.
Offer til Misjonsprosjektet.
8.febr. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Utdeling av "Godt Nytt". Årsmøte.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.
14.mars kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd.

NESHEIM KYRKJE

4.jan. kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.
29.febr. kl.16.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Årsmøte.

STANGHELLE BEDEHUS

11.jan. kl.16.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe.
22.febr. kl.16.00 Familiegudsteneste. Bø.
Årsmøte.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-
avisene og på plakatar for å kontrollera
m.a. klokkeslett for gudstenestene.